

Flytting til Hardanger

unge vaksne sine
preferansar og praksisar

Juni 2008



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Innhald:

1. Innleiing s3
2. Metode s5
3. 31-åringane frå Hardanger – kven er dei? s7
4. Bustad og Arbeid s12
5. Tilknytning, trivsel og syn på livet på bygda s19
6. Flytting s26
7. Eksisterande og potensielle marknadsfordelar ved Hardanger s34
8. Oppsummering og utfordringar s41

*"Og så meiner eg ein gong fjording, alltid fjording
Eg føler at eg berre er på transitt,
så eg skal heim ein gang"*
Utflytta harding

1. Innleiing

På oppdrag frå og Strategi- og næringsavdelinga i Hordaland Fylkeskommune, har arbeidslaget Analyse, utgreiing og dokumentasjon gjennomført ein studie av kva forhold unge vaksne oppvaksne i Hardanger har til bosted, flytting og Hardanger. Bakgrunnen for dette arbeidet er at prosjektet "Flytt til Hardanger" ønskjer meir informasjon om dei unge vaksne sine preferansar, praksisar og haldningar til desse temaa. Analysen skal vere med å danne grunnlag for "Flytt til Hardanger" sitt marknadsarbeid. Kommunane som inngår i prosjektet er Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.

Forsking på flytting viser at fenomenet er komplekst. Det er som oftast ikkje berre *ein* grunn til at folk flyttar. Tradisjonelt har forsking på flytting hatt fokus på økonomiske og eksterne årsaksforklaringar (strukturperspektiv). I følgje Sørlie (2006) blir arbeid sett på som eit hovudmotiv for nesten ein kvar flytteanalyse. Nyare teoriar har eit auka fokus på fridomen til den enkelte og eit sterkare innslag av "mjuke faktorar" (aktørperspektiv) (Villa 2005).

Denne analysen tek mål av seg å dekke ulike aspekt knytt til begge desse tilnæringsmåtane til temaet flytting. Det er viktig å både sjå på heilt konkrete forhold som arbeids- og bustadmarknad, men analysen tar også mål av seg å belyse andre sider, som kva ikkje-materielle verdiar som vert vektlagt ved val av bosted og med tanke på eventuell flytting. Eit anna viktig aspekt knytt til flytting er at i dag flyttar folk meir av lyst enn av naud. Ei undersøking frå Nordisk ministerråd (2002) viser at fire av fem i dei nordiske landa flyttar fordi dei vil det (Villa 2005). Dette er viktig å ha med når ein skal studere unge vaksne hardingar sine praksisar og haldningar på dette feltet.

I kapittel 2 gjer vi greie for kva metodiske tilnærmingar som er nytta.

I kapittel 3 vert 31-åringane presentert på bakgrunn av ei rekke relevante bakgrunnsvariablar.

Kapittel 4 tek for seg kva preferansar 31-åringane har på bustadmarknaden. I tillegg blir kjennskapen til og synet på arbeidsmarknaden i regionen kartlagd.

Kapittel 5 tek opp forholdet dei utflytta hardingane og dei 31-åringane som bur i Hardanger i dag har til Hardanger, trivsel der ein bur i dag samt synet på livet på bygda.

Kapittel 6 omhandlar ulike forhold knytt til flytting.

I kapittel 7 vert det gjort greie for ulike neverande og potensielle marknadsfordelar ved Hardanger som bosted.

2. Metode

I starten av prosjektet framskaffa kommunane adresselister over alle som gjekk ut ungdomsskulen i Hardanger i 1993. Dette årskullet blei valt fordi ein meiner at dette er ei føremålstenleg aldersgruppe å spørje, med tanke på eventuell tilbakeflytting. Bakgrunnen for dette er at ein reknar med at 31-åringane som gruppe langt på veg er ferdig med utdanning, er i etableringsfasen og dersom dei har fått barn, er det mest sannsynleg at desse er under skulepliktig alder. Andre studiar viser at det er før ungane tek til på skulen at det er mest aktuelt å flytte. I følgje Sørli (2006) er dei fleste flyttingane unnagjort når man er i 35-40 årsalderen.

Datainnsamlinga til denne undersøkinga er todelt og består av ein kvalitativ og ein kvantitativ del.

Fokusgrupper

AUD har gjennomført fire fokusgruppeintervju. Ei fokusgruppe er ei samtalegruppe der personar med visse fellestrekk samlast for å utveksle meningar og erfaringar om eit bestemt tema, i dette tilfellet val og prioriteringar i samband med val av bosted, flytting og Hardanger. Fokusgruppeintervju er ein kvalitativ datainnsamlingsmetode. Analysen av diskusjonane i gruppene gjev innsikt i korleis eit tema blir oppfatta og mangfaldet i opplevingane til deltakarane.

Hovudmålgruppa for desse samtalane var utflytta hardingar, busett i Bergen og Oslo. Det blei gjennomført ei fokusgruppe i kvar by med desse. Dei utflytta hardingane blei rekrutterte med utgangspunkt i adresselistene frå kommunane, og rekrutteringa blei gjennomført av AUD. I Oslo fekk vi imidlertid ikkje tak i nok deltakarar basert på listene. Resten av fokusgruppedeltakarane blei difor rekruttert via såkalla snowballing. Det vil seie at ein nyttar nettverk, venner og kjende for å komme i kontakt med personar i målgruppa. Deltakarane i fokusgruppa for utflytta hardingar i Oslo er difor spreidde i alder, medan dei i Bergen alle er 31 år.

I tillegg blei det gjennomført fokusgruppeintervju med ei gruppe 'ikkje-hardingar' i kvar by. Saman med utflytta hardingar er barnefamiliar frå andre stader i landet, med barn under skulepliktig alder, ei potensiell målgruppe for "Flytt til Hardanger". Deltakarane til desse to fokusgruppene blei rekruttert av datainnsamlingsfirmaet Norstat AS. Dei lukkast ikkje fullt ut å rekruttere deltakarar med berre barn under skulepliktig alder. Særleg i gruppa i Bergen var det fleire som og hadde eldre barn, i tillegg til å ha barn som ikkje begynt på skulen. Føremålet med desse gruppene var todelt. Dei er dels meint som ei kontrollgruppe til dei utflytta hardingane, og dels interessante i seg sjølv med tanke på korleis denne gruppa oppfattar og vurderer Hardanger.

Gruppene var sett saman på følgjande måte:

- **Utflytta Hardingar i Oslo:**
 - 8 personar
 - Alder frå 23 til 38
 - Kommunar representert: Kvam, Odda, Ulvik, Ullensvang og Jondal
 - 4 med barn i alderen 1-3 år
- **Utflytta Hardingar i Bergen:**
 - 7 personar
 - Alle 1977-modell, rekruttert frå dei innsamla listene.
 - Kommunar representert: Kvam, Odda, Granvin, Ullensvang
 - 3 med barn i alderen 1-3 år
- **Målgruppe Oslo:**
 - 7 Personar
 - Alder: 23-38 år
 - Barn i Alderen 2-10
- **Målgruppe Bergen:**
 - 7 personar
 - Alder: 30-45 år
 - Barn i alderen 2-14

Spørjeundersøkinga


I etterkant av fokusgruppeintervjuet blei det gjennomført ei postal spørjeundersøking. Spørjeskjema blei sendt til alle som gjekk ut ungdomsskulen i 1993 i kommunane Eidfjord, Granvin Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Spørjeundersøkinga gjekk altså både til dei frå dette årskullet som bur i Hardanger i dag, og dei som bur andre stadar. Totalt blei det sendt ut 317 spørjeskjema. Til 13 av dei potensielle respondentane klarte vi ikkje å finne riktig adresse. Til saman har 176 personar svara på undersøkinga. Dette gjev ein svarprosent på 58 %.

Flytteanalyse

I tillegg til desse to undersøkingane har AUD gjennomført ein analyse av utflyttingar frå Hardanger, basert på data frå Statistisk Sentralbyrå. Denne analysen er levert til ”Flytt til Hardanger” i ein separat rapport. Føremålet med denne analysen er å sjå nærmare på omfanget av utflytting frå regionen, korleis utflyttarane fordeler seg på alder og kjønn, kor dei flyttar og korleis dette har utvikla seg over tid. Analysen viser at Hardanger lenge har hatt stor utflytting, noko som er hovudårsaka til nedgangen i folketalet gjennom mange tiår. Unge kvinner (18-27 år) er den gruppa der flest flyttar, men flytteraten har ikkje auka for denne gruppa dei siste åra. Samtidig aukar utflyttinga av menn i alle aldersgrupper, og i aldersgruppa 28- 40 år er det også fleire kvinner som flyttar ut enn før. Utflyttarane reiser i stor grad til Bergen og andre storbyområde i Noreg.

3. 31-åringane frå Hardanger – kven er dei?

Innleiingsvis vert det presentert informasjon om 31-åringane som har deltatt i spørjeundersøkinga, på ei rekke relevante bakgrunnsvariablar. Der det er føremålsteneleg vert det presentert separate resultat for dei 31-åringane som i dag bur i Hardanger og dei som bur andre stadar, i tillegg til totaltala.




Alle kommunane i Hardanger er representerte i spørjeundersøkinga. Fordelinga av respondentar pr. kommune samsvarar svært godt med den opprinnelige fordelinga i utvalet:

Eidfjord: 3 %
Granvin: 3 %
Jondal: 6 %
Kvam: 38 %
Odda: 30 %
Ullensvang: 16 %
Ulvik: 4 %


40 % av dei som har svara på undersøkinga er menn, og 60 % er kvinner. Den opprinnelige fordelinga i utvalet, er 53 % menn og 47 % kvinner. Det er ganske vanleg at kvinner deltek i spørjeundersøkingar i større grad enn menn.

Kvar bur du i dag?




56 % av 31-åringane bur ikkje i Hardanger i dag, medan 44 % gjer det. Den største gruppa, 27 %, bur ein annan stad enn Hardanger, Bergen og Oslo. 20 % av desse igjen bur andre stadar i Hordaland, medan resten er spreidd utover heile landet. Bergen er den einskild kommunen der ein finn den største delen av dette årskullet per i dag.

Kor lenge har du budd samanhengjande i den kommunen du bur i no?




31-åringane er rimeleg bufaste. Over halvparten, 54 %, har budd 7 år eller meir samanhengjande i den kommunen dei bur i dag. Det er ein større del av dei som bur i Hardanger i dag som har budd over 10 år i den kommunen dei bur i, enn det er blant dei som bur andre stader.

Kva er den høgaste fullførte utdanninga di?




Lengre høgare utdanning er i denne samanhengen definert som meir enn fire år på høgskule eller universitet. Det er ein større del av dei som ikkje bur i Hardanger som har lengre høgare utdanning (41%), enn det er blant dei som bur i Hardanger (12%). Om lag halvparten av dei som bur i Hardanger oppgjev vidaregåande skule som si høgaste fullførte utdanning, mot 23 % av dei som ikkje bur i Hardanger.

Kva er din hovudaktivitet?



Over 7 av 10 av 31-åringane i undersøkinga er yrkesaktive på heiltid. Det er ikkje signifikante forskjellar på 31-åringane som bur i Hardanger og dei andre på dette området.


Kva er din sivilstatus?



Når det gjeld sivilstatus er om lag halvparten sambuar, 3 av 10 er gift og i underkant av 2 av 10 er single. Det er heller ikkje på dette området skilnad på dei som bur Hardanger og dei som bur andre stader. I samband med diskusjonen kring å flytte tilbake til Hardanger, blei sivilstatus brukt inn som eit element i fokusgruppediskusjonane. Det var fleire som meinte at det var meir aktuelt for dei som var gift eller sambuande å flytte tilbake, enn for dei som var single:

"Og eg trur kanskje at livet i ein pittelen plass i Hardanger kanskje er betre for ein liten familie enn for ein singel person"

Barn:



Totalt har 63 % av 31-åringane barn. Det er fleire av dei som bur i Hardanger som har barn enn det er blant dei som ikkje bur i Hardanger. Dette kan eit stykke på veg forklaast med at fleire av dei som ikkje bur i Hardanger har høgare utdanning, noko som generelt fører til at ein får barn noko seinare. I forlenginga av dette har dei som bur i Hardanger eldre barn enn dei andre. 77 % av dei som ikkje bur i Hardanger, og som har barn, har berre barn under 6 år. Tilsvarande andel blant dei som bur i Hardanger er 50 %.

Det er altså berre om lag 12 % av dei utflytta hardingane som har barn i skulen. Som nemnt innleiingsvis flyttar dei fleste barnefamiliar før ungane tek til på skulen. Dette blei også bekrefta av dei fokusgruppedeltakarane som hadde eldre born. Ein far frå kontrollgruppa i Bergen seier det på denne måten:


"Eg kunne aldri tenkt meg å flytte nå, for ungene har begynt på en skole, de har fått sine venner. Så eg vil ikke flytte før vi er kommet til et punkt i livet hvor det er naturlig å flytte. For jeg husker selv hvor steinharde vi var med nye som kom til"

4. Bustad og arbeid

Preferansar i samband med bustad

31—åringane frå Hardangar blei i spørjeundersøkinga spurde om kva for type bustad dei føretrekk:

Av følgjande, kva type bustad føretrekk du?




Til saman 74 % oppgjev at einebustad er den bustadtypen dei føretrekk. Om lag halvparten av desse føretrekk einebustad i byggjefelt og den andre halvparten einebustad utanfor byggjefelt. Igjen er det små skilnader mellom dei to gruppene. I fokusgruppene var det også nokre som var inne på temaet bustadtype. Her blei dette knytt opp til kor ein bur. Sjølv om preferansen er den same har ein har andre forventingar til bustadstandard og storleik om ein bur på ein mindre plass, enn om ein bur i ein by:


"Ein flyttar ikkje til Hardanger for å bu i ein leilegheit. Då skal ein ha to mål tomt og heile den pakka"

På spørsmål om kva for ein stil ein helst vil at bustaden skal ha, er det ein overvekt som svarar at dei føretrekk moderne stil, totalt 48 %.

Kva stil vil du helst at bustaden skal ha?



Føretrekk du å bu perifert eller sentrumsnært ?




Totalt 62 % av 31-åringane seier at dei føretrek å bu sentrumsnært. Det er fleire blant dei som bur i Hardanger som føretrekk å bu perifert enn det er i den andre gruppa.

Arbeidsmarknaden i Hardanger

Som vi var inne på innleiingsvis er arbeid svært viktig i flytteanalysar. Sjølv om arbeid alltid vil vere viktig i forhold til ei eventuell flytting i følgje Sørlie (2006), så er det slik at når konjunkturane er høge og mange skiftar jobb og flyttar, då betyr arbeidsmarknaden mindre for flytteavgjerda enn når det er lavkonjunktur og vanskeleg å få seg jobb.


Ein ting er korleis arbeidsmarknaden i regionen faktisk er, ein annan er korleis den same arbeidsmarknaden blir oppfatta. I spørjeundersøkinga blei mellom anna 31-åringane sin kjennskap til arbeidsmarknaden i Hardanger kartlagd:

I kor stor grad vil du seie at du har kjennskap til arbeidsmarknaden i Hardanger?



Om lag halvparten meiner at dei har kjennskap til arbeidsmarknaden i Hardanger i ganske stor grad. Dei som bur i Hardanger seier dei har større kjennskap enn dei som ikkje bur der. Til saman 70 % av dei som bur i Hardanger seier at dei har kjennskap til arbeidsmarknaden i svært eller ganske stor grad, medan det same er tilfelle for 41 % av dei som bur utanfor Hardanger.

Kor lett eller vanskeleg meiner du det er for deg å få ein relevant jobb i Hardanger?



50 % meiner at det er svært eller ganske lett for dei å få ein relevant jobb i Hardanger. Her er det imidlertid skilnad mellom dei to gruppene. Det er, kanskje naturleg, fleire av dei som bur i Hardanger som meiner at det vil vere lett å finne relevant arbeid, til saman 66 %. Andelen blant dei som ikkje bur i Hardanger, som meiner at det vil vere svært eller ganske lett å finne relevant arbeid, er 36 %. Arbeidsmarknaden i Hardanger blei og diskutert i fokusgruppene. Ein av deltakarane som bur i Bergen seier følgjande:

"Eg er ikkje urban, men det er jobben som gjer at eg er her. Eg kunne eigentleg tenkt meg å budd på ein mykje mindre plass men der stiller eg for store krav til jobb, trur eg"


Han meiner altså at det vil vere vanskeleg å finne ein like bra jobb i Hardanger som han har i Bergen.

Eit anna moment som kom fram i fokusgruppene, var at det ikkje nødvendigvis er nok at det finnes *ein* relevant jobb, men at ein ynskjer seg eit fagmiljø innan sitt felt med gode moglegheiter for å skifta jobb, dersom ein ønskjer det. I tillegg til dette var det også ein del i fokusgruppene som meiner at tempoet i arbeidslivet er høgare i Oslo enn i Hardanger, og at dette er noko dei ville ha sakna dersom dei hadde flytta.

"Man lever i eit miljø som girer opp. (...) hvis eg reiser andre plasser, etter ei uke, så saknar eg det"


Om lag halvparten seier at dei ikkje har undersøkt jobbmogleheitene i Hardanger. Det er ein større andel av dei som bor i Hardanger som har undersøkt jobbmogleheitene enn det er blant dei som ikkje bur der. Lokalaviser peiker seg ut som den klart viktigaste kjelda til informasjon om arbeidsmarknaden for dei som bur i Hardanger. For dei som ikkje bur i Hardanger er lokalavis, NAV, Finn.no og venner/familie om lag like mykje brukt når det gjeld å orientere seg om arbeidsmarknaden.

Har du undersøkt jobbmogleheitene i Hardanger, og i så fall på kva måte?




For dei fleste av 31-åringane er det ikkje viktig å ha moglegheita til å etablere eiga verksemd. Totalt seier 66 % at dette er svært eller ganske lite viktig. Det er heller ikkje vesentlege skilnader på dei som bur i og utanfor Hardanger på dette området.

Kor viktig er det for deg å ha moglegheita til å etablere ei eiga verksemd?



Respondentane i spørjeundersøkinga blei og spurde om kor lett eller vanskeleg dei trur det er å etablere eiga verksemd i Hardanger. Litt under halvparten, 44 %, trur dette er svært eller ganske vanskeleg. Andelen som svarar 'ikkje sikker' er svært stor på dette spørsmålet. Det kan tenkast å hengje saman med at problemstillinga ikkje er aktuell for mange av dei.

Kor lett eller vanskeleg trur du at det er å etablere eiga verksemd i Hardanger?




Basert på resultata frå spørjeundersøkinga og diskusjonen i fokusgruppene verkar det som det er viktig å synleggjere det som finst av ledige jobbar i regionen. Det er ein stor del av dei som ikkje bur i Hardanger som ikkje trur at dei ville finne seg relevant arbeid der. Synleggjering av relevante og spennande jobbar i regionen ser ut til å vere viktigare enn tilrettelegging for nyetableringar for denne gruppa.

5. Tilknytning, trivsel og syn på livet på bygda

Tilknytning til Hardanger

I kor stor grad ein kjenner seg knytt til staden der ein voks opp, kan spele inn med tanke på om det er aktuelt å flytte tilbake dit, eller eventuelt bli buande.




Alle 31-åringane som bur i Hardanger har nær familie der, medan det same er tilfelle for 93 % av dei som i dag bur andre stader. Det at ein har familie der, blei av fleire i fokusgruppene, og då særleg i Oslo, trekt frem som ei positiv side ved Hardanger. Spesielt dei som hadde små born sakna nærliek til familien:

"Eg synes den største ulempa er at heile familien min ikkje bur her, det har eg merka veldig godt etter at eg fekk barn. At hele... besteforeldre og alt er så langt unna. Odda ligger liksom så dumt til i forhold til å reisa heim og. Det tar lang tid"

Nokon få i fokusgruppene hadde ikkje familie i Hardanger lenger. Inntrykket er at det er mindre aktuelt for dei å flytte tilbake, enn det er for dei som har familie der.

Har du jamleg kontakt med folk som du vaks opp med i Hardanger?




89 % seier at dei har jamleg kontakt med folk som dei voks opp med i Hardanger. Dette er tilfelle for ein noko større del, 97 %, av dei som i dag bur i Hardanger, enn av dei som ikkje bur i Hardanger, der delen er 82 %. Men andelen i denne gruppa må likevel kunne seiast å vere høg. I fokusgruppene kom det og fram at fleire av dei utflytta hardingane i Bergen og Oslo har mykje kontakt med folk som dei voks opp med:

"Eg syns det er litt morsomt for no har eg jo budd vekke so lengje, budd mange andre plassar enn Bergen og. Eg er hunen ikkje med andre enn kvemmingar når eg er her altså. Det er eigentleg ganske interessant syns eg. Det er liksom når du skal ha fest så er det liksom "er det berre kvemmingar?". Det er jo ikkje fordi eg ikkje kan få andre vener, men det er faktisk kule folk altså"

Dette å ha kontakt med utflytta hardingar i henholdsvis Bergen og Oslo var svært vanleg blant mange av dei andre i fokusgruppene også. Når det gjeld i kva grad ein har kontakt med folk som framleis bur i Hardanger, utanom familie, er det meir variert. Nokon har ikkje kontakt med gamle vener heime i det heile:

"Men eg merkar at det vert mindre og mindre, og når du var inne på det med venner, så har eg så og seie ingen bekjente igjen heime i Ulvik. Så hvis eg reiser til Ulvik så har eg kun med familien min å gjere. Så sett eg meg på toget tilbake igjen"

I kva grad vil du seie at du treivst med å vekse opp i Hardanger?



Den største delen seier at dei treivst under oppveksten i Hardanger i svært stor grad. Totalt seier heile 91 % av dei som har delteke i spørjeundersøkinga at dei treivst med å vekse opp i Hardanger i svært eller ganske stor grad. Det er ikkje signifikant skilnad mellom dei to gruppene på dette spørsmålet. Her blei respondentane spurde om heile oppveksten under eitt. I kva grad ein treivst med å vekse opp i Hardanger, var og eit tema i fokusgruppene. At det var trygt og godt å vekse opp der, var det stor einigkeit om i begge gruppene. Men det kom fram at det for mange var stor skilnad mellom det å vere barn og det å vere ungdom i Hardanger. Ein av fokusgruppedeltakarane skildrar høvesvis barndomen og ungdomstida si i Hardanger slik:

Barndomen:

"Det var trygt og bekymringslaust. Ein gjorde som ein ville og kunne ta bussen til barnehagen åleine. Det var mykje mindre sånn påpassing enn det blir i ein by. Så hadde vi besteforeldre i nabohuset som vi alltid kunne gå til. Mykje mindre stress, mykje betre tid"

Ungdomstida:

"Det var jo meir begrensa. Hvis du ikkje spilte fotball så falt du lett utanfor. Mindre valgmoglegheitar men så lenge du passa inn så var vel det bra. Sjølv om eg kommer frå ein liten plass. (...)så trur eg nok det kan vera tøffare enn kva det kan vera i ein by, spesielt med festing og sånn. Altså dei venninane eg har her i Bergen, så er det sånn at dei begynte å drikka når dei var 18-19 år og utover. Det var ikkje snakk om å gå på uteplassar før du var gamal nok, mens heima så er det dans frå du er konfirmert, 14 og sånn"

At det kunne vere problematisk å vere ungdom i Hardanger var det fleire i fokusgruppene som var inne på. Særleg var dei opptatt av det å falla utanfor, og at det var få alternative miljø eller


fritidsaktivitetar for ungdom. Dette vert sett på som negativt av dei utflytta hardingane, også med tanke på ei eventuell tilbakeflytting:

"Eg tenkjer litt på det med val av miljø, at du har så lite utval på ein måte, eller det er så få der at dei som er der, det er dei du må hengja med, du har ikkje noko val. Du har ikkje forskjellige miljø som er inndelt etter forskjellige interesser. Eg ser det som ein negativ ting eigentleg"

Trivsel der ein bur i dag

Til saman 94 % seier at dei trivst svært eller ganske godt på den staden dei bur i dag. Heller ikkje her er det signifikante skilnader på dei som bur i Hardanger og dei som bur andre stader.

Kor godt trivst du der du bur i dag?



Også mange av dei utflytta hardingane i fokusgruppene gav uttrykk for at dei trivst svært godt der dei bur i dag. Blant anna blei det trekt fram alle valmoglegeheitene ein har i ein by. Fleire presiserte at dei ikkje nødvendigvis nyttar seg så ofte av desse moglegeheitene, men at det var godt å vite at dei var der. Dette gjeld til dømes restaurant/café-tilbod og butikkar, og kanskje endå viktigare - arbeidsmarknaden. Høve til å kunne vere anonym blei og trekt frem. Men her er det også snakk om å ha valmoglegheita. Ein vil sjølv velje når ein vil være anonym og når ein vil vere sosial. Dette har ein høve til i ein by:


"For min del er det, det at du kan stikke bort på en kafé og lese en bok og få lov til å være aleine der, men samtidig hvis du har vært der noen år så, har du såpass kontaktnett at du faktisk treffer kjente hvis du vil det og"

Respondentane i spørjeundersøkinga blei og spurde om kva som er den viktigaste årsaka til at dei bur der dei bur i dag. Svara her er svært varierte, men noko som klart går igjen i svara er forhold knytt til jobb og familie (sjå vedlegg). Jobb var og det umiddelbare svaret som blei gjeve på dette spørsmålet i fokusgruppene, men etter kvart som dei begynte å diskutere temaet blei og andre moment trekt inn, tildømes fordelane ved å bu i ein by, som vist ovanfor. I tillegg blei det at ein har vene og nettverk i Bergen/Oslo, av mange trekt fram som ein svært viktig grunn til at dei bur der dei bur i dag.

Livet på bygda

I følgje Fosso (2004) er ungdom som veks opp på landet delte i synet på bygda. Dei som reiser ut er meir negative, og ser isolasjon og stagnasjon på bygda, medan dei som blir igjen i større grad er positive og ser moglegheiter. Respondentane i denne undersøkinga blei bedne om å ta stilling til ei rekke påstandar om livet på bygda. Resultata stadfestar eit stykke på veg det Fosso hevdar.

Ta stilling til følgjande påstander om livet på bygda: Andel som er heilt eller delvis einig



Ein av påstandane er det imidlertid stor semje om: "Livet på bygda er trygt og godt". Heile 94 % seier at dei er heilt eller delvis einig i denne påstanden. Det er ikkje skilnad på dei to gruppene på dette spørsmålet. Det er det heller ikkje i vesentleg grad når det gjeld påstanden "Alle veit alt om alle på bygda". Til saman 81 % er heilt eller delvis einig i dette.

Når det gjeld dei to neste påstandane er det skilnad på kva dei som bur i Hardanger og dei som bur andre stader meiner. 86 % av dei som bur i Hardanger er einige i at ”Livet på bygda er prega av at folk har omsut for kvarandre”. Tilsvarande del i den andre gruppa er 69 %.

Om lag halvparten av dei som ikkje bur i Hardanger er heilt eller delvis einig i at ”Når det gjeld folk på min alder, er det stor skilnad på dei som bur på bygda og dei som bur i sentrale strøk”. Tilsvarande andel blant dei som bur i Hardanger er 32 %. I Fosso (2003) sin studie av rural ungdom sine flyttepraksisar, hevdar ho at det eksisterer eit skarpt skilje mellom dei ungdomane som har bestemt seg for å bli, og dei ungdomane som har bestemt seg for å reise vekk frå heimstaden. Dette skiljet kan forståast gjennom ei kontrastering mellom ”oss” og ”dei”. I den samanhengen er ”oss” dei som har tenkt å reise vekk for å ta meir utdanning, medan ”dei andre” er dei som vert igjen på heimpllassen, hovudsakleg representert gjennom yrkesfagleg ungdom. Dei som har bestemt seg for å bli, omtalar heimstaden sin i eit positivt ordelag, medan dei som har tenkt å reise vekk omtaler både bygda og dei som vert att i eit negativt ordelag (Lothe 2005 s40).

Denne tematikken blei og diskutert i fokusgruppane. Nokre brukte det at dei føler seg annleis ein dei som bur på bygda, som eit argument for kvifor dei ikkje vil flytte heim:

”Men du er jo i ein annen livssituasjon, dersom de som ble værende hjemme fikk unger og de har unger på 10 år nå liksom, og du har flytte ut og studert og ikkje fått unger. De har bodd der og du har studert ute. Begge deler kan være like bra, men det begrenser seg en del, merker jeg, hva du har å snakke om.”

Andre opplev at dette skilje ikkje er så framtredande lenger:

”eg trur den forskjellen var mykje meir tydeleg dei første årane etterpå men om eg er heime i jula no så er det på ein måte at ein mimrar om når alle var heima uansett kva ein gjorde etterpå eller så hoppa ein over det og så snakkar ein om kva ein jobbar med no eller ungar og sånt. Det er ikkje lenger ein big deal om ein har studert eller ikkje (...)Det er vel en sånn klisje, kanskje det er tilfelle og, at de som blir værende hjemme, åh, de er så misunnelige og svartsjuke, fordi du tror at du er så mye bedre. Men jeg opplever det ikkje slik, at det er så forferdelig mye sånn hjemme”

Personen i det første sitatet her har hatt lite kontakt med folk heime etter at ho flytta ut, medan personen i det andre sitatet ofte er heime og har mykje kontakt med gamle vene der. Dette kan tyde på at dersom det oppstår eit skilje akkurat på det tidspunktet nokre flyttar ut for å utdanning, og nokre blei att, kan førestillinga om dette skiljet oppretthaldast om ein ikkje held kontakten, medan dersom ein held kontakten, vil skiljet langt på veg bli utviska på sikt.

Når det gjeld påstanden ”Det bur få personar med høgare utdanning på bygda” er det ikkje signifikant skilje mellom i kor stor grad dei som bur i Hardanger er einige i påstanden og dei som bur andre stader, men det er ein tendens til at det er ein større del av dei som ikkje bur i Hardanger som er einige i påstanden.

Det er ein større del av dei som bur i Hardanger som er einige i den siste påstanden, ”Dei som bur på bygda har større omgangskrins enn dei som bur i by”, enn det er mellom dei som bur utanfor Hardanger. Totalt er det denne påstanden færrast er einige i. Tilsaman 26 % seier at dei er heilt eller delvis einig.

6. Flytting

Kva forhold er viktige, og korleis er moglegheitene i Hardanger?

Eit delmål for ”Flytt til Hardanger” er å få unge vaksne til å flytte tilbake til regionen og ein viktig del av denne analysen er difor å framskaffe informasjon om kva 31-åringane vektlegg med tanke på ei eventuell flytting. I tabellane nedanfor vert det vist korleis dei rangerer viktigheita av ulike forhold som kan ha betydning for om ein vel å flytte, og korleis dei vurderer moglegheitene for det enkelte forhold i Hardanger. Respondentane har svart på ein skala frå 1 – 6 der 1 er ”svært lite viktig” og 6 er ”svært viktig”, når det gjeld viktigkeit, og der 1 er ”svært dårlig” og 6 er svært gode” når det gjeld korleis dei vurderer moglegheita for dette i Hardanger. Tabellane nedanfor viser gjennomsnittscoren for dei ulike forholda, presentert totalt og høvesvis for dei som bur i Hardanger og dei som bur andre stader.

	Totalt - viktighet	Gj.snitt
1	Gode oppveksttilhøve for barn	5,6
2	Relevant jobb	5,4
3	Relevant jobb til partnar	5,4
4	Ein god bustad	5,4
5	Garantert barnehageplass	5,1
6	Gode moglegheiter for friluftsliv	4,8
7	Godt fritidstilbod	4,8
8	Godt servicetilbod	4,8
9	At det finst fleire relevante jobbar innan mitt felt	4,6
10	At vennene mine bur der	4,5
11	Godt kulturtilbod	4,3
12	At det bur folk som er ”like som meg” der	4
13	Godt utbygd kollektivtilbod	4

	Totalt- moglegheit	Gj.snitt
1	Gode moglegheiter for friluftsliv	5,6
2	Gode oppveksttilhøve for barn	5
3	Ein god bustad	4,7
4	Garantert barnehageplass	4,6
5	Godt fritidstilbod	3,7
6	At vennene mine bur der	3,6
7	At det bur folk som er ”like som meg” der	3,6
8	Relevant jobb	3,5
9	Relevant jobb til partnar	3,5
10	Godt kulturtilbod	3,4
11	Godt servicetilbod	3,4
12	At det finst fleire relevante jobbar innan mitt felt	3
13	Godt utbygd kollektivtilbod	2,3

Når vi ser heile gruppa under eitt, er det gode oppveksttilhøve for barn og unge som oppnår den høgaste scoren med heile 5,6. Relevant jobb til seg sjølv, relevant jobb til partnar og ein god bustad deler andreplassen.

Gode moglegheiter for friluftsliv er det som kjem best ut når 31-åringane vurderer moglegheitene for dei ulike forholda i Hardanger. Gode oppveksttilhøve for barn og unge vert rangert som nummer to, og ein god bustad som nummer tre.

Relevant jobb til seg sjølv og partnar kjem på høvesvis 8. og 9. plass, så her er det eit sprik mellom det respondentane vektlegg som viktig, og korleis dei vurderer moglegheita for dette i Hardanger.

Noko som er verdt å legge merke til når det gjeldt vurderingane av viktigkeit av dei ulike forholda, er at den lågaste gjennomsnittscoren er 4. Det vil seie at alle forholda som er inkluderte her, vert oppfatta som viktige med tanke på ei eventuell flytting.

	Hardanger - viktighet	Gj.sn
1	Gode oppveksttilhøve for barn	5,7
2	Ein god bustad	5,4
3	Relevant jobb	5,2
4	Garantert barnehageplass	5,2
5	Relevant jobb til partnar	5,1
6	Gode moglegheiter for friluftsliv	5
7	Godt fritidstilbod	4,9
8	Godt servicetilbod	4,8
9	At det finst fleire relevante jobbar innan mitt felt	4,6
10	At vennene mine bur der	4,5
11	Godt kulturtilbod	4,1
12	At det bur folk som er "like som meg" der	3,9
13	Godt utbygd kollektivtilbod	3,7

	Hardanger- moglegheit	Gj.sn
1	Gode moglegheiter for friluftsliv	5,5
2	Gode oppveksttilhøve for barn	5
3	Ein god bustad	4,6
4	Garantert barnehageplass	4,5
5	At vennene mine bur der	4,4
6	Relevant jobb	4,1
7	Godt fritidstilbod	4,1
8	Relevant jobb til partnar	4
9	At det bur folk som er "like som meg" der	4
10	Godt kulturtilbod	3,8
11	Godt servicetilbod	3,8
12	At det finst fleire relevante jobbar innan mitt felt	3,6
13	Godt utbygd kollektivtilbod	2,4

Også for dei som er busett i Hardanger, er det gode oppvekstvilkår som oppnår det høgaste scoren. For denne gruppa kjem det å få ein god bustad på andre plass. Når det gjeld korleis dei vurderer moglegheitene for dette i Hardanger, kjem desse to forholda som nummer to og tre, etter gode moglegheiter for friluftsliv.

	Anna bosted - viktighet	Gj.sn
1	Gode oppveksttilhøve for barn	5,5
2	Relevant jobb til partnar	5,5
3	Relevant jobb	5,4
4	Ein god bustad	5,4
5	Garantert barnehageplass	5
6	Godt fritidstilbod	4,8
7	Godt servicetilbod	4,8
8	Gode moglegheiter for friluftsliv	4,7
9	At det finst fleire relevante jobbar innan mitt felt	4,6
10	At vennene mine bur der	4,6
11	Godt kulturtildod	4,4
12	Godt utbygd kollektivtilbod	4,3
13	At det bur folk som er "like som meg" der	4,1

	Anna bosted- moglegheit	Gj.sn
1	Gode moglegheiter for friluftsliv	5,6
2	Gode oppveksttilhøve for barn	4,9
3	Garantert barnehageplass	4,7
4	Ein god bustad	4,7
5	Godt fritidstilbod	3,5
6	At det bur folk som er "like som meg" der	3,3
7	Relevant jobb til partnar	3,1
8	Godt kulturtildod	3,1
9	Godt servicetilbod	3,1
10	Relevant jobb	3
11	At vennene mine bur der	3
12	At det finst fleire relevante jobbar innan mitt felt	2,7
13	Godt utbygd kollektivtilbod	2,3

For dei som ikkje bur i Hardanger er det gode oppveksttilhøve og relevant jobb til partnar som deler førstepllassen. Det er imidlertid ikkje signifikant forskjell på gjennomsnittscoren til desse forholda og dei to neste: relevant jobb og ein god bustad. Så i praksis scorar desse fire forholda likt.

Også her er det gode moglegheiter for friluftsliv som scorer høgast når dei skal vurdere moglegheitene i Hardanger. Relevant jobb til partnar og seg sjølv kjem eit stykke ned på lista med ein score på 3,1 og 3,0. Som vi såg tidlegare er det i denne gruppa berre 36 % som trur det vil vere lett for dei å finne seg relevant arbeid i Hardanger.

Gode oppveksttilhøve oppnår høgast score når 31-åringane vurderer kva som er viktig i samband med flytting. Men som vi har vært inne på, blei det i fokusgruppene skilt mellom oppveksttilhøva for barn og unge, der hovudinntrykket var at dei i større grad meinte at det å vekse opp i Hardanger var bra for barn enn for unge. Foreldra i 'Hardangergruppene' og kontrollgruppa i Oslo som har små barn, er ressurssterke, og ser for seg at dei skal kunne gje barna sine ein god oppvekst uavhengig av kor i landet dei bur, og dei ser mange fordelar for born og unge i Bergen og Oslo. Det er få som vil vere ueinig i at det er viktig med gode oppveksttilhøve for barn og unge, men det kan langt på veg variere kva ein legg i dette omgrepet. For nokre kan det å gi barna sine gode oppvekstvilkår vere å la dei vekse opp midt i ein storby. Ein utflytta 31-åring seier følgjande:

"Eg er med på at det var trygt på vakse opp og i Hardanger når eg var liten, nærbet til naturen, var mykje ute. Men eg innbiller meg at om eg hadde barn så kunne eg klara å skapa noko slikt også i ein by, i nærmiljøet der man kan bruka omgivelsane og der det finns barn å leika med osv. og at man kan bruka naturen om man ynskjer da. Så eg trur ikkje eg ville flytta til Hardanger av den grunn med de argumenta. Altså at det er barnas tryggleik som avgjer det"

Det er likevel slik at Hardanger, med det regionen har å tilby, kjem bra ut på dette punktet, også blant dei 31-åringane som er busett andre stader i landet.


At venene mine bur der, scorar 4,5 blant dei som bur i Hardanger og 4,6 i den andre gruppa. I følgje Villa er det særleg dei kvalitative flyttestudiane, både i norsk og internasjonal samanheng, som har løfta fram tydinga av det sosiale liv og sosiale relasjonar (så som familie- og vennenettverk) i forståinga av flytteprosessar (i Fosso 2006). I fokusgruppene i denne studien blei tydinga av venner og nettverk og eit viktig diskusjonstema. At ein har vene og nettverk i Bergen/Oslo, er for mange ein svært viktig grunn til at dei utflytta hardingane bur der dei bur i dag. Vener blei og diskutert i samband med eventuell tilbakeflytting. Det optimale for ein del, hadde vore om fleire hadde flytta på same tid.

"Viss fem av mine beste venner budde i Odda, ja då kan eg la være med latte og sushi, for det er mye viktigare"

Flytting frå Hardanger

Det er ofte ikkje berre ein einskild grunn til at folk vel å flytte. 85 % av dei utflytta hardingane seier at dei flytta frå regionen på grunn av skule eller studiar, medan 78 % seier at flyttinga hadde å gjøre med at dei ønskte å oppleve noko nytt. Det er færrast som er einig i påstanden ”Eg flytta fordi eg ikkje treivst i Hardanger”. Her er det til saman 25 % som seier at påstanden passar svært eller ganske godt for kvifor dei flytta.

Kor godt passar følgjande påstandar på kvifor du flytta frå Hardanger?




Dette biletet samsvarar godt med inntrykket frå fokusgruppene, dei aller fleste måtte flytte for å få moglegheit til å ta vidare utdanning, men dei ønskte også å oppleve noko nytt. Ein av dei seier det på denne måten:

”Når du veks opp på ein så liten plass så meiner eg at du har rett og slett lyst til å sjå millionar av folk”

Eventuell flytting

Tidligare såg vi at 31-åringane i stor grad trivst der dei bur i dag. På spørsmål om kor stor sjansen er for at dei kjem til å flytte frå der dei bur i dag i løpet av dei neste 5 åra, svara dei følgjande:

Kor stor sjanse trur du det er for at du kjem til å flytte frå den staden du bur i dag i løpet av dei 5 neste åra?



Totalt seier 41 % at sjansen for at dei kjem til å flytte er svært liten. Her er det imidlertid relativt stor skilnad på dei to gruppene. Det ser ut til å vere større sjanse for at dei utflytta hardingane kan komme til å flytte på seg, enn at dei som bur i Hardanger gjer det. Nesten 6 av 10 av dei som i dag bur i Hardanger seier at sjansen for at dei kjem til å flytte er svært liten, medan det same berre er tilfelle for 3 av 10 i den andre gruppa. Noko av forklaring på dette kan vere at dei som bur andre stader i landet og kanskje særleg dei som har tatt lang utdanning, er mindre etablerte enn dei som bur i Hardanger. I tillegg er det rimeleg å anta at tilknytninga dei har til den plassen dei bur no, er mindre enn den tilknytninga 31-åringane som bur i Hardanger i dag, har til Hardanger. Vi så mellom anna tidlegare at dei som ikkje bur i Hardanger har yngre barn enn dei som bur der. Sjansen for at dei kjem til å flytte på seg ein eller fleire gonger før dei slår seg til ro, er difor større.

Flytting var eit sentralt tema i dei to gruppdiskusjonane med utflytta hardingar i Bergen og Oslo. Ein del ser for seg at dei på sikt kjem til å flytte, men det tyder ikkje nødvendigvis at dei ser for seg at dei kjem til å flytte til Hardanger, dei ser også for seg mange andre alternativ.


"Å flytta ut frå Oslo er ein ting, men det er så mange ting mellom Oslo og Hardanger, der eg og kunne ha budd. Det vert ofte framstilt sånn at enten så er det Oslo eller så er det Ulvik. Sånn tenker ikkje eg"

"Det som eg har tenkt er at nå har eg ikkje barn fremdeles, men når man kommer i den fasen, at man skal få barn så i hverfall for egen del så har eg tenkt at er Oslo fremdeles stedet å være? Men da må eg personleg ørlig innromme at første tanken min er ikkje Odda da. Mindre plasser, då tenker eg at vi kan flytte til Bærum, til Kristiansand. Den type plasser, ikkje Odda som sted"

Eventuell tilbakeflytting til Hardanger

Dei utflytta hardingane blei bedne om å vurdere kor sannsynleg det er at dei kjem til å flytte tilbake til Hardanger. Den største delen 40 %, seier at dei sannsynlegvis ikkje kjem til å flytte tilbake. Til saman er det 13 % som seier at dei heilt sikkert, eller sannsynlegvis kjem til å flytte tilbake. Det er også ein ganske stor del, 21 % som svarar ikkje sikker på dette spørsmålet.

Kor sannsynleg er det at du kjem til å flytte tilbake til Hardanger?




I samband med flytteplanar har Orderud (i Sørli 2006) spurt dei som allereie bur heimanfrå om dei kunne tenke seg å flytte tilbake til oppvekstkomunen. Han fann at meir enn 40 % av dei spurte i alderen 20-24 år seier at dei vil dette. Andelen tilbakeflyttarar i befolkninga er imidlertid 17-19 %. Dette kan tolkast som at det finnes eit tilbakeflyttingspotensiale som ikkje vert realisert.

Sørli (2006) hevdar at spørjeundersøkingar viser at potensialet er høgare, men at faktorar som utdanning, yrke, samlivspartner ofte verkar som hinder i prosessen med å flytte tilbake. Det kan vere vanskeleg å finne det rette tidspunktet for tilbakeflytting, sjølv om ein ønskjer å gjere det. Slik var det og for ein del av deltakarane i fokusgruppene. Dei hadde på den eine sida eit sterkt ønske om, og ein førestilling om at dei på eitt eller anna tidspunkt skulle flytte heim, men på dei andre sida verkar det vanskeleg å finne det rette tidspunktet å gjere det på:

"Det krev så utrolig mykje å innstilla seg på å flytta heim, så derfor berre skyver eg det litt fram. Så passer det jo aldri. Du får ny jobb og så får du ein unge"

Dersom du skulle flytte tilbake til Hardanger, kva for ein kommune ville du ha flytta til?



Det er ikkje signifikante forskjellar når vi samanliknar kva for ein kommune ein kjem frå, og kvar ein kunne tenkte seg å flytte, dersom ein flyttar tilbake til regionen. Dei aller fleste vil flytte tilbake til den kommunen ein er oppvaksen i. I diskusjonen i fokusgruppene var det imidlertid ein tendens til at folk kunne tenke seg å flytte til ein annan kommune enn den dei kjem frå, og då særleg Kvam. Ein utflytta 31-åring frå ein av småkommunane forklarar det på følgjande måte:

"Eg tenker jo at Norheimsund – hvis eg skulle ha flyttet til Hardanger, så er det jo noen tilbod der på ein måte. Eg har ein venn som arbeider der og bare det vetle eg har hørt frå han og hans inntrykk av å være der, er ganske positivt. (...) Eg har følelsen av at det nettverket man har skapt der, det er å gå ned på kafeen og så blir du kjent med folk. Det skjer ikkje heime"

Generelt hadde deltakarane i fokusgruppene klare meningar om kva dei meiner er viktig for ei positiv befolkningsutvikling i Hardangerregionen, og det er at det må skje nye og positive ting. Motsatsen til dette er at dei berre høyrer om negativ utvikling slik det går fram av sitatet nedanfor:

"Når eg tenkjer på bygda mi så saknar eg å høyre at det er vekst, at det skjer noko. No har jo eg flytta ut, men at nokon startar noko. Når eg var 5-6 så brann hotellet ned, då var jo vi små, men det er ein sånn typisk ting som foreldra mine snakka om at det var veldig dumt at hotellet brann ned for då mista dei tilreisande, at folk kunne stoppa i bygda osv. Så etter nokre år te så la dei ned jernbanen så mista du meir. Det er veldig mykje ting som berre har forsvunne. Det har liksom aldri blomstra opp igjen på ein måte. Slakteriet er også lagt ned. Det er veldig mykje sånt som berre forvirrar litt"

7. Eksisterande og potensielle marknadsfordelar ved Hardanger

Dei største fordelane ved å bu i Hardanger

Alle respondentane uavhengig av kor dei bur, blei bedne om å rangere det dei meiner er dei største fordelane med å bu i Hardanger. Dei skulle nytte verdiane 1 til 5, der 1 blei gjeve til den fordelan som dei synest er den største. I tabellane nedanfor er rangeringa snudd slik at 1 gjer 5 poeng og 5 gjev 1 poeng. Deretter er poengsummen til kvart tiltak summert. Resultata blir presentert totalt og høvesvis for dei som bur i Hardanger og dei som bur andre stader.

Når vi ser alle under eitt er det 'familie' som kjem desidert best ut med over 130 poeng meir enn 'natur' som kjem på andre plass. 31-åringane meiner også at oppvekstvilkåra i regionen er gode. Tidlegare i undersøkinga såg vi at ein stor del av respondentane var einige i påstanden 'alle kjenner alle'. Her ser vi at det er det forholdet som oppnår lågast poengsum når dei rangerer dei største fordelane med å bu i Hardanger.

Totalt:

1	Familie	457
2	Natur	320
3	Gode oppvekstvilkår	253
4	Oversiktleg samfunn, godt når ein har born	227
5	Lågare bustadpriser	218
6	Kort veg mellom bustad, skule, barnehage	196
7	Vener	146
8	Godt å bu i mindre lokalsamfunn	138
9	Slepp å stå i kø	112
10	Lettare å få kvardagskabalen til å gå opp	108
11	Kort veg til fjellet	104
12	Lågare bukostnader	96
13	Tilgang til fjord, Hardangerfjorden	94
14	Frisk luft	82
15	Mange aktivitets tilbod ute i naturen	69
16	Fiske og jakt	60
17	Små forhold	57
18	Betre helse ved å bu landleg	51
19	Aktivt lag- og organisasjonsliv	37
20	Kort veg frå tanke til handling	33
21	Alle kjenner alle	26

Når vi ser på rangeringa sortert etter kor ein bur, ser vi at 'familie' er det forholdet som også kjem sterkest ut i begge gruppene. Fosso (2006) viser til at i kvantitative undersøkingar som omhandlar tilbakeflytting, har arbeid vore et viktig tilbakeflyttingsmotiv. Men arbeid vert ofte og stadig hyppigare nemnt saman med ønsket om å bo nærmare venner og familie. Dette er ein tendens som

langt på veg er blitt bekrefta i denne studien, tildømes ved at 'familie' scorar så høgt som det gjer på denne rangeringa.

'Natur' oppnår andre høgaste poengsum blant dei som bur andre stader i landet, medan det kjem på fjerde plass blant dei som bur i regionen. På botnen av lista er 'alle kjenner alle' helt til sist for dei som bur i Hardanger, medan dei som bur andre stader har 'kort veg frå tanke til handling på denne plassen.

Hardanger:

1	Familie	215
2	Gode oppvekstvilkår	117
3	Oversiktleg samfunn, godt når ein har born	104
4	Natur	102
5	Kort veg mellom bustad, skule, barnehage	95
6	Vener	93
7	Lågare bustadpriser	64
8	Godt å bu i mindre lokalsamfunn	59
9	Slepp å stå i kø	57
10	Lettare å få kvardagskabalen til å gå opp	51
11	Tilgang til fjord, Hardangerfjorden	39
12	Kort veg til fjellet	38
13	Fiske og jakt	29
14	Mange aktivitets tilbod ute i naturen	27
15	Betre helse ved å bu landleg	27
16	Små forhold	27
17	Frisk luft	26
18	Lågare bukostnader	26
19	Aktivt lag- og organisasjonsliv	19
20	Kort veg frå tanke til handling	19
21	Alle kjenner alle	11

Busett utanfor Hardanger:

1	Familie	239
2	Natur	218
3	Lågare bustadpriser	154
4	Gode oppvekstvilkår	132
5	Oversiktleg samfunn, godt når ein har born	118
6	Kort veg mellom bustad, skule, barnehage	99
7	Godt å bu i mindre lokalsamfunn	79
8	Lågare bukostnader	70
9	Kort veg til fjellet	66
10	Lettare å få kvardagskabalen til å gå opp	57
11	Frisk luft	56
12	Slepp å stå i kø	55
13	Tilgang til fjord, Hardangerfjorden	55
14	Vener	52
15	Mange aktivitets tilbod ute i naturen	42
16	Fiske og jakt	31
17	Små forhold	30
18	Betre helse ved å bu landleg	24
19	Aktivt lag- og organisasjonsliv	18
20	Alle kjenner alle	15
21	Kort veg frå tanke til handling	14

Kva skal til for å gjere Hardanger til ein betre plass å bu?

Både dei som bur i Hardanger og dei som bur utanfor blei i spørjeundersøkinga bedne om å rangere dei fem viktigaste tiltaka dei meiner vil gjere regionen til ein betre plass å bu. Metoden er den same som blei nytta ved rangeringa ovanfor.

Totalt:

	Tiltak	Poeng
1	Kortare veg til byen: Bergen/Oslo	359
2	Utvikle grunnskuletilbodet til å bli "det aller beste"	357
3	Utvikle barnehagertilbodet til å bli "det aller beste"	291
4	Betre vilkår for bedriftsetablering	260
5	Tilrettelegge byggjefelt	220
6	Drive stadsutvikling	216
7	Tilrettelegge for bustadar med stort område rundt	173
8	Fleire servicetilbod, særleg butikkar	170
9	Tiltak som gjer det lettare å bli kjent med folk/å bli inkludert i lokalsamfunnet	163
10	Fleire organiserte aktivitetstilbod	139
11	Lage uformelle møtestadar	119
12	Fleire konserter og kulturelle arrangement	100
13	Kortare veg til regionsentra	78

Det tiltaket som samla sett scorar høgast er kortare veg til byen: Oslo/Bergen. Dette er også noko som blei diskutert i fokusgruppene. Her kom det fram at betre veger/kommunikasjon på den eine sida er noko ein ønskjer seg for å flytte heim, men på den andre sida vil det gjere det lettare å reise oftare heim på besøk, og dermed dempar behovet for å flytta heim. På dei neste plassane følgjer tiltak som omhandlar å utvikle skule og barnehagertilbodet til å bli "det aller beste".

Busett i Hardanger:

	Tiltak	Poeng
1	Utvikle grunnskuletilbodet til å bli "det aller beste"	189
2	Utvikle barnehagertilbodet til å bli det aller beste"	151
3	Betre vilkår for bedriftsetablering	128
4	Tilrettelegge byggjefelt	126
5	Kortare veg til byen: Bergen/Oslo	125
6	Tilrettelegge for bustadar med stort område rundt	82
7	Drive stadsutvikling	74
8	Fleire servicetilbod, særleg butikkar	73
9	Tiltak som gjer det lettare å bli kjent med folk/å bli inkludert i lokalsamfunnet	51
10	Fleire konserter og kulturelle arrangement	40
11	Fleire organiserte aktivitetstilbod	39
12	Lage uformelle møtestadar	32
13	Kortare veg til regionsentra	24

Den største skilnaden mellom dei to gruppene er at kortare veg til byen: Bergen/Oslo, kjem eit godt stykke ned på lista til dei som bur i Hardanger. Tiltaket vert rangert som nummer 6, medan dei som bur andre stader i landet har tiltaket øverst på lista. Stadsutvikling kjem opp blant dei som bur utanfor Hardanger. Noko som er verdt å leggje merke til er at å betre vilkåra for bedriftsetablering kjem høgt opp i begge gruppene. Når respondentane blei spurde om bedriftsetablering tidlegare i undersøkinga, tyda resultata på at dette var lite aktuelt for dei fleste av dei. Likevel meiner dei altså at å tilrettelegge for bedriftsetablering er eit viktig tiltak for regionen. Kortare veg til regionssentra er det tiltaket som får lågast poengsum i begge grupper.

Busett utanfor Hardanger:

	Tiltak	Poeng
1	Kortare veg til byen: Bergen/Oslo	234
2	Utvikle grunnskuletilbodet til å bli "det aller beste"	168
3	Drive stadsutvikling	141
4	Utvikle barnehagertilbodet til å bli det aller beste	140
5	Betre vilkår for bedriftsetablering	132
6	Tiltak som gjer det lettare å bli kjent med folk/å bli inkludert i lokalsamfunnet	112
7	Fleire organiserte aktivitetstilbod	102
8	Fleire servicetilbod, særleg butikkar	94
9	Tilrettelegge byggjefelt	89
10	Lage uformelle møtestadar	87
11	Tilrettelegge for bustadar med stort område rundt	87
12	Fleire konserter og kulturelle arrangement	60
13	Kortare veg til regionsentra	54

Dei gode døma

I diskusjonen i fokusgruppene med dei uflytta hardingane både i Bergen og Oslo blei det gitt ei rekke eksempel på dei meiner representerer ei positiv utvikling i Hardanger:

- Miljøet rundt Ekspedisjonen i Lofthus
- Etableringa av Statens Kartverk i Kinsarvik
- Ny kafé i Norheimsund
- Kulturprosjekt i Kvam
- Utbyggingane i Røldal/Seljestad

Fleire av dei meiner at slike tiltak kan vere med å revitalisere bygdene i Hardanger og at dei gode døma kan gjøre det enklare for andre å reise tilbake til same staden:

"Kunst - det gjev positive impulsar til meg i alle fall. Ikkje fordi eg sjølv er så kunstnerisk, men fordi det betyr at då er det eit eller anna liv då. Eit eller anna som skjer. Det kjem kanskje ein ny butikk og det er ganske sånn "wow" kva kan det bety? Det kan i alle fall ikkje bety at det går dårlig eller"

"Ekspedisjonen på Lofthus då, eit kjempeinitiativ frå fira karar som no bygger eit idrettsstudio, det høyrest jo heilt på tryne ut, på Lofthus, og får det her til å fungera, og sånn er det jo og i Røldal".

"Til Lofthus er det mange som flyttar heim. Eg kjenner fleire som flyttar dit fordi dei er odelsfolk og prøver å starte noko nytt"

Inntrykket er at det er viktig å få frem dei gode døma og at dette er noko som kan verke inspirerande med tanke på å flytte heim.

Kva meiner dei som aldri har budd i Hardanger?

I tillegg til dei to fokusgruppene med utflytta hardingar blei det som nemnt innleiingsvis, gjennomført to samtalegrupper med barnefamiliar i Oslo og Bergen. Føremålet med dette var mellom anna å finne ut kva for inntrykk og oppfatning dei har av Hardangerregionen. Deltakarane i begge gruppene har i utgangspunktet eit romantisk glansbilete av Hardanger :

"Epler i Hardanger. Fjell og fjorder tenker jeg på. Litt sånn ro og idyll. Eg kunne tenkt meg å hatt en hytte i Hardanger. Et landsted. Det hadde vært fint"

Deltakarane i kontrollgruppa i Oslo hadde svært lite kunnskap om Hardanger. Til dømes hadde dei ikkje kjennskap til dei ulike tettstadene i regionen og dei synest også at Hardanger ligg langt vekk og er litt utilgjengeleg:

"Jeg tenker på litt gårder og sånt, men det er liksom ikke noen steder der "

"Jeg forestiller meg at det er lite fremkommelig der. Kronglete. Det er sånn jeg tenker på det "

Deltakarane i Bergen hadde i mykje større grad kjennskap til Hardanger. Fleire av deltakarane i Bergensgruppa hadde feriert mykje i Hardanger, mellom anna som barn, og hadde mange gode minner derifrå.

"Øystese og Norheimsund er de stedene vi besøker... vi hadde hytte på Kvamskogen, så de stedene oppfatter jeg som helt ideelle. Odda før meg blir kjempelangt vekke, kanskje det blir litt bedre med Folgefontunnelen"

På spørsmål om dei kunne tenke seg å flytte til Hardanger var det og stor forskjell på gruppene. Dette har nok samanheng med kjennskapen som skildra ovanfor. Det kan virke ganske fjernt å tenke på å skulle flytte til ein plass ein ikkje veit så mykje om, slik tilfelle var for deltakarane i Oslogruppa:

"Det er liksom sånn.. men fjord og fjell. Det er et sånn idyllisk sted Og så tenker man at det er det, det er og, at det er greit å være der en uke på ferie, men ikke å bo der.

I Bergensgruppa var det fleire som kunne leike med tanken på å flytte til Hardanger, og då særleg Kvam. Men for dei fleste av dei er det ikkje aktuelt å flytte før ungane er ferdige på skulen, og fleire var og inne på moglegheita med å ha to bustader, tildømes ein i Bergen og ein i Hardanger:

"Kjæresten min sier enten Hardanger eller Sandviken. Fordi han er et sånt ekstremt friluftsmenneske. Så naturen, med tanke på interessene, så fenger det, veldig, og det fenger oss begge to, men så er han og veldig... han er født og oppvokst rett utenfor byen (...) Så kanskje et gammelt hus i Sandviken og et sommerhus i Hardanger, bedre enn det kunne man ikke fått det"

8. Oppsummering og utfordringar

Denne studien har hatt som mål å vise ulike sider ved korleis unge vaksne tenker rundt val av bosted, flytting og Hardanger.

31-åringane har på mange måtar ein sterk tilknytning til Hardanger. Dei aller fleste har familie som framleis bur der, og 8 av 10 av dei utflytta hardingane har jamleg kontakt med folk som dei voks opp med. Ca 9 av 10 seier dei treivst under oppveksten i Hardanger. Desse forholda til saman bør danne eit godt grunnlag med tanke på marknadsføre regionen til denne gruppa. På den andre sida er det ein tendens i materialet at dei utflytta hardingane er noko meir kritisk til livet på bygda enn dei 31-åringane som bur i Hardanger. Dette er også noko ein bør ta omsyn til i marknadsføringa.

Dei utflytta trivst hardingane svært godt der dei bur i dag. Som vist innleiingsvis, flyttar folk i Noreg i dag på grunn av lyst – ikkje fordi dei må. Det er heller ingenting i denne studien som tydar på at dei utflytta hardingane føler at dei må flytte frå den plassen dei bur i dag. Likevel er det ein større del i denne gruppa som trur at det kan vere aktuelt for dei å flytte i løpet av dei neste 5 åra, enn det er blant 31 - åringane som bur i Hardanger. Men det er berre ein liten del av desse utflytta hardingane som trur at dei kjem til å flytte til Hardanger. Utfordringa for ”Flytt til Hardanger” blir dermed å vise dei som har lyst til å flytte på seg, at Hardanger er ein bra stad for dei å flytte til.

Det er eit tydelig funn i undersøkinga at arbeid er svært viktig i denne samanhengen. 4 av 10 av dei utflytta hardingane seier at dei har kjennskap til arbeidsmarknaden i Hardanger. Berre 36 % i denne gruppa trur at det vil vere lett å finne relevant arbeid i regionen.

Dei meiner vidare at relevant arbeid til seg sjølv og eventuell partner er svært viktig med tanke på ein eventuell flytting. På den andre sida trur dei at moglegitene for å oppnå dette i Hardanger er ganske små. Her ligg det ei utfordring i forhold til å synleggjere det som finst av relevante arbeidsplassar for denne gruppa.

31-åringane er svært opptatt av oppvekstvilkår for barn og unge med tanke på ei eventuell flytting, i tillegg meiner dei at moglegitene for gode oppvekstvilkår i Hardanger er gode. Her er det altså godt samsvar mellom kva dei meiner er viktig og kva Hardanger har å tilby. Samstundes må ein ta omsyn til at oppvekstvilkåra i ein by og kan bli oppfatta som gode blant utflyttarane.

Det er ein gjennomgåande tendens i materialet at familie og vene er svært viktige for denne gruppa. Familie er den faktoren som scorar høgast på fordeler ved å bu i Hardanger.

Denne og andre studiar viser at det finnes eit uforløyst tilbakeflyttingspotensiale. Det er fleire som seier at dei ønskjer å flytte tilbake, enn det er som faktisk gjer det. Sjølv om ønsket og førestillinga om å flytte tilbake kan vere sterkt, er det vanskeleg å finne det riktige tidspunktet. Her er utfordringa å legge til rette for desse potensielle tilbakeflyttarane – slik at dei faktisk klarer å finne det riktige tidspunktet å gjere det på.

Dei utflytta hardingane snakkar om dei gode døma på vekst og utvikling i bygdene i Hardanger. Det å vise at det går an å flytte heim og få til noko, og ikkje minst vise at andre allereie har gjort det, kan tenkast å inspirere andre - å få dei til å få lyst til å flytte til Hardanger.

Litteraturliste

Analyse, utgreiing og dokumentasjon, Hordaland Fylkeskommune (2008) Utflyttingar frå Hardanger 1986-2006. Notat

Fosso, Eli Janette (2006) Flytting og bostedsvalg – en analyse av flytteprosesser i Bømlo kommune i Sunnhordland.

Fosso, Eli Janette (2004) Intervju – forskning.no:

<http://www.forskning.no/Artikler/2004/oktober/1097065204.76>

Lothe, Siri (2005) Mellom moderne og tradisjonelle orienteringar - Ein studie av ungdomar sine orienteringar mot framtida. Masteroppgave UiB

Sørlie, Kjetil (2006) Bosettingspreferanser, flyttemotiver og flytteprosesser. Status og perspektiver omkring den regionale befolkningsutviklingen i Norge. Notat til Kommunal og regionaldepartementet.

Villa, Marianne (2005) Bustadsval i det post-industrielle norske samfunnet. Utviklingstrekk og teoretiske perspektiv. Notat NTNU